



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2306 - 18/9135

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2018

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

OVERSENDING AV VEDTAK TIL KLAGEVURDERING VED POLITISK HANDSAMING

Saka gjeld søknad om arealoverføring mellom gbnr 118/2 og 118/11. Parsell A (650m²) overførast frå gbnr 118/2 til gbnr 118/11 og skal nyttast som hage. Parsell B (400m²) og parsell C (250m²), tilsaman 650m², skal overførast frå gbnr 118/11 til gbnr 118/2 og skal nyttast som tilleggsjord for 118/2. Bakgrunnen for søknaden er at gbnr 118/11 nyttar areal frå gbnr 118/2 som hage (ca. 650m²) og det er ønskje om å tilpasse eigedomsgrensane til noverande bruk.

Det vert vurdert at areala som skal tilbakeførast frå bnr 11 til bnr 2 er i samsvar med LNF-føremålet. Det vert vurdert at arealet som skal overførast frå bnr 2 til bnr 11 (det vil seie den opparbeidde hagen) krev dispensasjon. Tiltaket krev ikkje jordlovhandsaming. Det vert elles vist til søknad om arealoverføring motteke 25.07.2017 og supplert med søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for arealoverføringa.

Planstatus

Eigedomane ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2011-2023 er definert som LNF-føremål.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 07.03.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

Plan- og miljøutvalet - 026/18

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring mellom gbnr 118/2 og 118/11.



Parsell A (650m²) overføres frå gbnr 118/2 til gbnr 118/11 og skal nyttast som hage. Parsell B (400m²) og parsell C (250m²) skal overføres frå gbnr 118/11 til gbnr 118/2 og skal nyttast som tilleggsjord for 118/2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring mellom gbnr 118/2 og 118/11. Parsell A (650m²) overføres frå gbnr 118/2 til gbnr 118/11 og skal nyttast som hage. Parsell B (400m²) og parsell C (250m²) skal overføres frå gbnr 118/11 til gbnr 118/2 og skal nyttast som tilleggsjord for 118/2.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 11.07.2017, jf. pbl. § 29-4.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Saksframlegget med vedlegg er lagt ved. Resten av dokumenta i saka er tilgjengeleg på Lindås kommune sitt innsyn.

Lenke til innsyn:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2017002306&

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Tone Furustøl på e-post: tone.furustol@lindas.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon og løyve til arealoverføring gbnr - 118/2 og 118/11 Tykhelle
Søknad om oppretting/ending av matrikkeleining - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle
Førebels svar på søknad om arealoverføring - gbnr 1182 og 11811 Tykhelle

Vedlegg:

Saka krev ikkje jordlovsbehandling

Søknad om dispensasjon - gbnr 118/2 og 11 Tykhelle

Oversending søknad til uttalelse - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

Uttale frå planavdelinga - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

Kopi til:

Asgeir Helle	Olaf Ryes vei 11 C	5007	BERGEN
Asgeir Helle	Olaf Ryes vei 11 C	5007	BERGEN
Sissel Judith Turner	Mongstadvegen	5955	LINDÅS
	178		
Sissel Judith Turner	Mongstadvegen	5955	LINDÅS
	178		

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------